

Forskrift om vern av Årøy naturreservat, Sogndal kommune, Vestland

Fastsett ved kongeleg resolusjon xx.xx.2024 med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldlova) § 34, jf. § 37 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

§ 1. (føremål)

Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit område som

- a. inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur som edellauvskog med gamle tre av lind og alm med tilhøyrande sjeldne artar, og deltaområde beståande av strandeng, semi-naturleg strandeng og semi-naturleg eng, med tilhøyrande dyreliv og spesialisert vegetasjon mellom anna i form av sjeldne pusleplantar.
- b. representerer ein bestemt type natur i form av mangfaldige, verdifulle og sårbare økosystem i indre fjordstrøk med deltaområde som fungerer som nærings- og rasteområde for fugl, strandenger, furuskog, rike edellauvskogar og ein vestleg utpost av lavfuruskog.

Det er ei målsetting å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

§ 2. (geografisk avgrensing)

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: Sogndal kommune: 4/1, 6/1, 7/2, 7/4 og 7/75.

Naturreservatet dekker eit totalareal på 2200 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av vedlagte vernekart datert Klima- og miljødepartementet XXX. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

§ 3. (vernereglar)

I naturreservatet må ingen gjera noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a. Vegetasjonen, medrekna tang, tare, daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne plantar og sopp inkludert lav, eller delar av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrning. Utsetting av dyr og andre organismar er forbode.
- c. Det må ikkje settast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet i vatn eller på land, som til dømes etablering av ulike typar anlegg, utfylling, byggeverksemd, plassering av konstruksjonar på sjøbotnen, andre varige eller mellombelse innretningar, legging av røyrleidningar og kablar, konsentrert tilførsel av forureining som utføring av kloakk, mudring, uttak og deponering av masse, sprenging, boring, utslepp av kjølevatn frå land, ankring, oppføring av bygningar, anlegg, gjerde, andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske uttryddingsmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømande.
- d. Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.
- e. Bålbrenning er forbode innanfor areal markert på vernekartet. Bålbrenning utanfor arealet markert på vernekartet må skje i samsvar med gjeldande lovverk og med tørrkvist frå bakken eller medteken ved.
- f. Bruk av dronar, undervassdronar, modellfly og liknande er forbode.

§ 4. (generelle unntak frå vernereglane)

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. jakt, fangst og fiske i samsvar med gjeldande lovverk
- b. sanking av bær og matsopp
- c. beiting
- d. oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt
- e. forsiktig rydding av småbuskar og kvist i siktliner ved faste jaktpostar i samband med storviltjakt
- f. felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk
- g. vedlikehald av eksisterande anlegg og innretningar i samsvar med standard på vernetidspunktet
- h. vedlikehald av eksisterande stiar merka på vernekartet
- i. utsetting av saltstein
- j. drift og vedlikehald, samt istandsetting ved akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg i og inntil verneområdet.
- k. oppgradering eller fornying av kraftleidningar for heving av spenningsnivå og auking av linetverrsnittet, når tiltaket ikkje skadar verneverdiane angitt i verneføremålet nemneverdig
- l. fjerning av vegetasjon langs jordekantar som hindrar maskinbruk på dyrka mark.
- m. manuell fjerning av småtre frå framande treslag.

§ 5. (regulering av ferdsel)

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a. Motorisert ferdsel er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b. Sykling, riding og bruk av hest er forbode utanom på stiar merkt på vernekartet.

§ 6. (generelle unntak frå reglane om ferdsel)

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltingsoppgåver som er bestemt av forvaltingsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemd.

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. naudsynt motorferdsel for uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vere skånsame mot markoverflata. Det skal sendast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyring
- b. landing og start med Forsvarets luftfartøy
- c. naudsynt motorferdsle i samband med akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til forvaltingsstyresmakta
- d. naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget, og med traktor og ATV på traktorveg markert på vernekart

§ 7. (spesifiserte dispensasjonsreglar)

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til

- a. Tiltak som inneberer små inngrep på botnen og som ikkje påverkar dei marine verneverdiane nemneverdig
- b. istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne.
- c. tiltak i samband med forvaltning av vilt og fisk
- d. naudsynt uttransport av felt elg og hjort med anna køyretøy enn lett beltekøyretøy nemnt i § 6 andre ledd bokstav d
- e. merking og rydding av nye stiar
- f. oppsetting og vedlikehald av gjerde
- g. avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 bokstav d
- h. hogst, uttak og ringbarking av gran og utanlandske treslag
- i. øvingskøyring for føremål nemnt i § 6 første ledd

- j. nødvendig motorferdsel i samband med drift og vedlikehald, samt oppgradering og fornying av eksisterande kraftlinje
- k. oppgradering og fornying av kraftleidningar som ikkje fell inn under § 4
- l. naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar etter § 4 g og i og § 7 b, c, f, og h.
- m. legging av vatningsrøyr for vatning av tilgrensande dyrka mark på eigedom 6/1.

§ 8. (generelle dispensasjonsreglar)

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.

§ 9. (skjøtsel)

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan gjennomføre tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstand som er føremålet med vernet, jf. naturmangfaldlova § 47.

§ 10. (forvaltingsplan)

Det kan utarbeidast forvaltingsplan med nærare retningslinjer for forvaltning av naturreservatet. Forvaltingsplanen kan innehalde nærare retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11. (forvaltingsstyresmakt)

Statsforvaltaren i Vestland er forvaltningsstyresmakt etter denne forskrifta.

§ 12. (ikraftsetjing)

Denne forskrifta trer i kraft straks.